Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Torvastad

Emne: Dei kloke

Bygdelag. Karmsund

Oppskr. av: Margreta Haaland-Lange

Gard: Haaland

(adresse): Nordbö på Karmøy.

G.nr. 13 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Sofie Haaland f. 1895 - har det meste etter mor si som tente hjå farfar og farmor før ho vart gift.

SVAR

Eg veit ikkje om eg kan segja at her har levt „kloke koner", men her har levt mange som har koka forskjellige urter og elles dreiv med å koppa eller setja iglar på folk.
Det var husmannskoner og gardkoner, og dei eg veit om levde (sisst) i slutten av forrige hundradåret og fyrst i dette.

Astrid Torvastad f. 1883 - fortel at ho hugsar at mori Astrid Hausken - gardkone 1849-1920 - koka noko ho kalla „plaster", som ho serleg bruka mot brannsår og svullar. Ho koka og gøymde det i ålbogeskjell. Dotteri er ikkje sikker på kva det var, men ho trur at det m.a. var talg eller smult og kvae.
Siri Breidvik frå Skord, med tilnamnet Drengja-Siri - tente m.a. hjå morfar då mor var lita. Siri dreiv med å setja iglar, og elles laga ho ein blanding av salt-sot og grønsåpa mot tannskjut.
Ei anna som sette iglar heitte Gunna og budde i Torvastad-havn; Kvitinielgjå-.
Sigvald Torvastad bonde f. 1885 - fortel at morfar min Ole J. Storstein - losar og

15914

klokker 1827-1908- stemmde blod.
Han årelet ei som døydde av nøfalls-
sykja - men ho vakna ikkje oppatt.
På Haeland - Haelandstræ- budde der
ei husmannskona som „igla" og koke
forskjellige urter. Ho døydde då eg
var liten.
Farmor mi, Morgreta Haeland 1826-1914
dreiv med litt av kvart. Ho var dyr-
lækjar og jordmor ettersom det trongst.
Og iglane heimar kaar ej hugsa. Eg
såg ho sette igler mot tannverk, og
iglane hadde ho i ei flaska.
Faster mi var sjuk eingong, truleg
barnseng feber. Ho vart „igla". Iglane
dauda, men faster vart frisk.
Peder Brekke, Lindervold, vart rekna
for ein kvakksalvar - Han nytta my-
kje Aalmiks-råder. Peder Lindervold
var fødd kring 1860 og døydde kring
1940.
For kring 70 år sidan var der
nokre kjeringer som reiste land og
strand, og desse vart kalla „troll-
kjeringer".
Anna Storesund 80 år - gardenkje fortel
at då ho var i 10års alderen var ho og ei
to år eldre syster eingong på isen.
Systeri datt gjennom isen, men vart berga.
Men ho vart ikkje rettleg frisk etterpå.
Noko seinare - kanske eit halvt år etter,
kom ei „trollkjering" til gards. Ho såg
på den sjuke og sa at ho nok hadde
fenge ein orm i seg. „Trollkjeringa"
laga til noko, mumla eit eller anna
yver det og gav gjenta det.
Og gjenta vart frisk og levde lei

15914

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ho vart yver 80 år. Guta hadde den gongen ein liten bror som vera kjæla med. „Du skal ikkje vera so glad i dette barnet,' sa bralkjerringa, „for du kjem til å missa han.' Guten døydde i 13 års alderen.

Dersom det har noko interesse kan eg skaffa fotografi av 3 eller 4 av desse.

15914

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING